

## **1. Miljøprogram 2016**

Budsjettposten var i 2016 på kr 750 000. I budsjett for 2016 er det vedteke følgjande: «Posten har to delar: Miljøprisen som vert utdelt på fylkestinget i mars, og Miljøtilskot som vert tildelt administrativt etter utlysing. Miljøprisen er på kr 50 000. Etter vedtak i Fylkesutvalet er kr 200 000 øyremerka til tilskot til miljøorganisasjonar med fylkeslag. Midlane blir nytta til konkrete miljøtiltak i lokalsamfunn i heile fylket.» Forbruk på posten vart i 2016 som følgjande:

<b>Fordeling post 716.1.</b>	
Miljøpris	kr 69 881
Støtte til frivillige miljøorganisasjonar med fylkeslag	kr 235 000
Tilskot til miljø- og klimaprosjekt	kr 453 436
<b>SUM</b>	<b>kr 758 317</b>

### **1.1. Miljøprisen 2015**

Prisvinnar for 2015 gjekk til Norsk klimastiftelse. Prisen var på 50.000 kr og vart delt ut på fylkestinget i mars 2015.

### **1.2. Støtte til frivillige miljøorganisasjonar med fylkeslag**

Under posten 716.1 Miljø i fylkesbudsjettet vart det i 2012 øyremerk ein sum med føremål «støtte til frivillige miljøorganisasjonar med fylkeslag». I 2016 var det sett av 200.000 kr til dette føremålet. Totalt vart det løyvd 235.000 kr til drift av miljøorganisasjonar, fordelt på følgjande måte:

Besteforeldrenes KlimaAksjon Hordaland	kr 5 000
Bærekraftige liv SA	kr 100 000
Naturvernforbundet Hordaland	kr 100 000
Framtiden i våre hender	kr 30 000
<b>SUM</b>	<b>kr 235 000</b>

### **1.3. Tilskot til lokale miljø- og klimatiltak**

Midla til lokale miljø- og klimaprosjekt blir lyste ut og tildelte administrativt. Desse midla rettar seg mot lag og foreiningar, kommunar, bedrifter eller andre som i fellesskap ønskjer å medverke lokalt til ei miljøvenleg utvikling som fremjar berekraft. Opp gjennom åra har prosjekta variert frå å leggje til rette stigar i naturen eller vassdragsrestaurering til Berekraftig liv på Landås eller klimaprogram på Bergen Filmfestival. I 2016 var det sett av 485 000 kr til tilskotsordninga, og det vart gjeve løyvingar på kr kr 446 865 kr. Følgjande søknadar fekk tilsegn om støtte:

Hardangerfjord Villfisklag	Hardangerfjordseminaret UNG	kr 50 000
Mjåtvitelvens forening	Mjåtvitelven med dens sidebekker	kr 30 000
Besteforeldrenes Klimaksjon Hordaland	Klimadugnad Hordaland: Deltakar eller tilskodar	kr 50 000
Tillitsutvalget ved Studentbyen Natland	Redesign Studentbyen Natland	kr 20 500
Norsk Klimastiftelse	Utslippsfri transport	kr 50 000
Naturvernforbundet Hordaland	Naturglede Hordaland 2016	kr 10 000
Bærekraftige liv på Landås	Parsellhage på taket – et samarbeidsprosjekt	kr 50 000
Folkelig	Cyclehack Bergen 2016	kr 10 000
Norsk institutt for samkjøring	Samkjøringskampanjer 2016	kr 10 000
Bærekraftig liv Nordnes	Takhage, 2 komposteringskurs, sykkelreperasjon	kr 9 365

Anne-Britt Andersen i smb med Naturvernforbundet kvinnherad	Skogsseminar på Varaldsøy	kr 20 000
Hordaland natur og ungdom	Klima foredragsturné i Hordaland	kr 25 000
Voss Kommune	Klimatiltak Voss kommune 2016: 4 sykkelskur, 2 el.syklar	kr 50 000
Langhaugen Videregående skole	Utemiljø: Utebenker og blomsterekasser	kr 32 000
Framtiden i våre hender	Matvinnbord	kr 30 000
<b>SUM</b>		<b>kr 446 865</b>